

**TILSYNSRAPPORTERING FRA HELSE FØRDE HF
FOR JANUAR OG FEBRUAR 2022 - DATO 10.03.2022**

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRA PPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
Stats- forvaltaren i Vestland	Helse Førde	Barne- og ungdomsavdelin ga, seksjon for habilitering barn og unge	26.01.2022	Eitt avvik	01.04.2022	<p>Statsforvaltaren gjennomførte tilsyn med Helse Førde HF, seksjon Habilitering for barn og unge den 14. og 15.12.2021. Dei undersøkte om helseføretaket sørgjer for at barn og unge under 18 år som vert tilviste med spørsmål om utviklingshemming og om vurdering av bruk av tvang vert følgde opp i samsvar med aktuelle lovkrav slik at tenestemottakarane får trygge og gode tenester.</p> <p>Statsforvaltaren peiker på følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Helse Førde har ikkje sørgt for at seksjon Habilitering for barn og unge har tilgang på faglege ressursar og kompetanse som trengst i samband med utgreiing av utviklingshemming og tverrfagleg oppfølging av barna. <p>Dette er brot på: Spesialisthelsetenestelova § 2-2, jf. forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring §§ 6-9.</p> <p>Dette medfører forseinka utgreiing og diagnostisering av barn som vert tilviste med spørsmål om utviklingshemming. Det har òg konsekvensar for tverrfagleg samarbeid og oppfølging av barna.</p>	

					<p>Statsforvaltaren ber Helse Førde om å gjere greie for kva tiltak som vert sett i verk for å rette lovbrøtet og korleis helseføretaket vil evaluere om tiltaka fører til endring i praksis for utgreiing av psykisk utviklingshemming og tverrfagleg oppfølging av barna.</p> <p>Som del av evalueringa ber dei særskilt om at leiar går gjennom journalane til unge under 18 år som frå og med 1. november 2020 er tekne imot for utgreiing av utviklingshemming og undersøker om det i kvar sak ligg føre plan for utgreiing og kor lang tid det går frå utgreiingsplanen er utarbeidd til medisinsk utgreiing og utgreiing hos psykolog vert påbegynt.</p> <p>Fristen for første tilbakemelding er 1. april 2022.</p> <p>På bakgrunn av svaret vil dei konkretisere nærare opplegget for den vidare oppfølginga. Tilsynet vert avslutta når Helse Førde kan dokumentere at dei iverksette endringane fungerer over tid.</p> <p>Sak i Elements 2021/5704</p>		
Statens legemiddelverk	Helse Førde	Blodbank	29.10.2021	Fire avvik	31.12.2021 – 02.03.2022	<p>Legemiddelverket gjennomførte tilsyn ved blodbanken, Helse Førde HF, den 30.08.21- 02.09.21.</p> <p>Det generelle inntrykket til inspektøren er at verksemda vert driven i samsvar med gjeldande regelverk. Vidare at kvalitetsstyringssystemet til blodbanken</p>	28.02.2022

er tilfredsstillende og generelt vert etterlevd, men at implementeringa av kvalitetssystemet i enkelte tilfelle er mangelfull. Tilsynet har inntrykk av at samarbeidet mellom dei ulike blodbankene fungerer godt. Dei fleste prosedyrane i blodbankane er felles, og det lettar kvalitetsarbeidet. Personalsituasjonen virkar stabil, og opplæringsdokumentasjonen er tilfredsstillende. Elektronisk kompetanseportal er innført og ser ut til å fungere tilfredsstillende. Det ser ut til å være god kultur for å melde avvik i blodbankene.

Legemiddelverket nyttar tre kategoriar av avvik; kritiske avvik, store avvik **[S]** og andre avvik **[A]**, og avdekka fire avvik under tilsynet:

- «1. Kvalitetssystemet har enkelte mangler og er tidvis mangelfullt vedlikeholdt og implementert. Dette er avvik fra blodforskriften § 2-4, jf. vedlegg VI punkt 1.1.3 og 5.1 (observasjon 2, 5 og 6). **[A]**
2. Dokumentasjon av medarbeidernes kompetanse er stedvis mangelfull. Dette er brudd på blodforskriften § 2-3 jf. vedlegg VI punkt 2.3 (observasjon 3). **[A]**
3. Dokumentasjon av periodisk vedlikehold av utstyr er stedvis

						<p>mangelfull. Dette er avvik fra blodforskriften § 2-4, jf. vedlegg VI punkt 4.1 (observasjon 1). [A]</p> <p>4. Oppbevaringen av blodgiveropplysninger er ikke tilfredsstillende med tanke på konfidensialitet. Dette er avvik fra blodforskriften § 4-7 (observasjon 4). [S]»</p> <p>Avdelinga har utarbeidd og sendt tiltaksplan etter tilsynet til Statens legemiddelverk. Legemiddelverket har meldt at dei ser oppfølginga som tilfredsstillande og har avslutta tilsynet.</p> <p>Sak i Elements 2021/3901</p>	
Statsforvalteren i Vestland	FSS	Tilsyn med utlokaliserte pasientar	12.09.2019	Eitt avvik	31.01.2022	<p>Statsforvaltaren i Vestland gjennomførte tilsyn med Helse Førde HF, Førde sentralsjukehus i perioden 17. – 20. juni 2019. Dei undersøkte om føretaket sørgjer for at helsehjelp til pasientar som blir utlokaliserte frå medisinsk avdeling blir utført i samsvar med aktuelle lovkrav slik at dei får trygge og gode tenester.</p> <p>Statsforvaltaren sin konklusjon: Helse Førde sørgjer ikkje for at iverksette tiltak for å redusere risiko for svikt ved utlokalisering av pasientar blir regelmessig evaluert og korrigert når det er naudsynt.</p> <p>Helse Førde har hatt løpande dialog med statsforvaltaren i etterkant av tilsynet, og</p>	09.02.2022

sendte siste statusrapport 10. september 2021. Rapporten skildrar i detalj kva tiltak som er sette i verk. Hovudinntrykket er at risikoen i forhold til utlokaliserte pasientar er redusert, men at det framleis er behov for å arbeide vidare med oppfølginga av desse pasientane.

I brev datert 08.10.2021 skriv Statsforvaltaren:

«Vi kan ikkje avslutte tilsynet før vi finn det godtgjort at praksis er endra og at endringane står seg over tid. For å få oversikt over i kva grad overføringsnotat blir skrivne og om gjestepasientane får visitt av lege på dagtid, ber vi om at de gjennomgår journalane til ortopediske, gastrokirurgiske og medisinske som blir utlokaliserte i perioden 1. oktober - 31. desember 2021, jf. vedlegg.

Det er tre spørsmål vi ønskjer svar på:

- Er det ved utlokaliseringstidspunktet planlagt for nødvendige medisinskfaglige og sykepleiefaglige observasjoner, oppfølging og tiltak?
- Er det skrive overflyttingsnotat
- Fekk pasienten legevisitt

Vi ber om å få tilsendt utfylte skjema innan 31. januar 2022 saman med dykkar vurdering av om tiltaka no fungerer og praksis er endra, og eller om de vurderer/har sett i verk fleire tiltak for å endre praksis.»

Helse Førde sende over etterspurte

						dokument 31.01.2022. Statsforvaltaren har gjeve tilbakemelding om at tilsynet er avslutta.	
--	--	--	--	--	--	--	--

Sak i Elements 2020/1407

Tabellen ovanfor inneheld **systemtilsyn** under oppfølging. Rapporten inneheld ikkje kommande tilsyn eller der tilsynsbesøk er gjennomført, men rapport ikkje ligg føre.

Helse Førde har registrert **totalt 3** tilsyn og revisjonar i perioden 01.01 – 28.02.2022.

Desse kontrollane vert utført av både eksterne offentlege tilsynsorgan og andre revisjonsorgan.